

SAMLA SAKSFRAMSTILLING

Arkivsak: 04/01510-001440/05

Saksbeh.: Frøydis Solbakk

Arkivkode: A10 & 00

Saknr.: Utval
0004/05 Utval for levekår

Møtedato
25.01.2005

SAMLA SAK - NY BARNEHAGELOV

Innstilling:

Administrasjonen si innstilling:

- 1 Utval for levekår har ikkje merknader til administrativt utforma høyringsfråsegn i vedl. 1

Utval for levekår den 25.01.2005 sak 0004/05

Behandling i møte:

Adminsitrasjonen si innstilling blei samrøystes vedtatt.

Vedtak

- 1 Utval for levekår har ikkje merknader til administrativt utforma høyringsfråsegn i vedl. 1

Administrasjonen si utgreiing:

2. DOKUMENT SOM BAKGRUNN FOR SAKA:

Dokument merka med * ligg ved.

- * Brev av frå kommunalsjefen til su i kommunale og private barnehagar
- * Samandrag av fråsegn frå su/styrar i barnehagane (vedlegg 3)
- * Fråsegn til Barne-og familiedepartementet (vedlegg 1)
- * Utdrag frå høyringsnotat om ny barnehagelov (vedlegg 2)
- * Noverande barnehagelov § 1 t.o.m. §26 (vedlegg 4)

3. SAMANDRAG AV SAKA:

Saka gjeld fråsegn til eit høyringsnotat frå Barne –og familiedepartementet om forslag til endra barnehagelov. Høyringsfristen til departementet var 10 januar. Ei administrativ fråsegn er derfor allereie sendt departementet, men med opplysning om at event. merknader frå Utval for levekår vil bli ettersendt.

4. FAKTA OM SAKA:

4.1. Bakgrunn

Det har skjedd ein del endringar på barnehageområdet sidan gjeldande barnehagelov blei vedtatt i 1995, særleg p.g.a. ”barnehageforliket” i Stortinget i 2003. M.a. har kommunane fått eit større ansvar for barnehagesektoren. Visse lovendringar er alt gjort.

I høyringsnotatet opplyser departementet at det er behov for ein større gjennomgang og forenkling av barnehagelova.

4.2. Generelt om det nye lovforslaget

Forslaget inneber ei utviding av målsetjingane for opplegget i barnehagane (§2), mens sjølv formålsparagrafen (§1) ikkje er føreslått endra. Nokre paragrafar inneber ei presisering av ansvar m.v..

Mest vidtgående er dei alternativa som føreslår tatt bort statlege (minste)normer for areal/tal barn (§10), krav til styrar (§18) og til bemanning av pedagogisk utdanna personale (§19).

4.3 Forslag til endringar i ny barnehagelov; kortversjon med einsskilde kommentarar:

§ 2 Barnehagens innhold (utviding av lova)

Lovparagraf er meir omfattande, detaljert og beskrivande enn tidlegare. Innhaldet byggjer på overordna samfunns mål i vårt demokratiske samfunn, og stadfestar at barnehagen skal ta omsyn til barns ulike føresetnader som alder, kjønn, funksjonsnivå, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn. Elles er omgrepet livslang læring komme inn i lovteksten.

§ 3 Barns rett til medvirkning-(ny)

Byggjer på barns rett til medvirkning, at barn skal få vera med å planleggja og ha rett til å uttala seg om sitt syn. Lova byggjer på FN's barnekonvensjon.

§ 4 Foreldreråd og samarbeidsutvalg (språklege endringar/utviding av lova)

I lova er oppgåve og ansvar utdjupa noko. Elles ikkje store endringar.

§ 6 Godkjenningssplikt(endring i bokstav a)

Godkjenningssplikta er utvida til å gjelda når eit eller fleire barn (gml lov: fleirtalet) har opphaldstid på meir enn 20 t/v. Forslag til endring inneber ei innskjerping av godkjenningssplikta for kommunane.

§ 7 Barnehageeiers ansvar (ny)

Barnehageeigar sitt ansvar blir understreka i denne lova som t.d. å føra tilsyn med at barnehagar blir drivne i samsvar med gjeldande lover og reglar. Barnehageeigar skal også fastsetja barnehagen sine vedtekter.

§ 8 Kommunens ansvar (utviding av lova)

Kommunen som lokal barnehagemyndigheit skal sikra at alle barnehagar blir drivne etter gjeldande lover og reglar. Kommunen skal også sørgja for at det finns eit tilstrekkeleg tal barnehageplassar. Elles er det i lova understreka at kommunane må leggja fram data om kontantstøtta.

§ 9 Fylkesmannens ansvar(endringar i tilsynskompetansen)

Tilsynskompetansen er føreslått endra slik at fylket fører tilsyn med den einsskilde kommunen og kommunen med den einsskilde barnehage. Fylkesmannen skal med andre ord ikkje føra tilsyn med den einsskilde barnehage lenger.

§ 10 Godkjenning (oppheva kravet om rettleiande norm for leike-og opphaldsareal)

Forslaget inneheld ei skjerpning av det kommunale ansvaret i høve til godkjenning. Men forslaget inneber også at ein vil oppheva kravet om rettleiande norm for leike-og opphaldsareal.

§ 13 Prioritet ved opptak (utviding av lova)

Som no, men i tillegg skal prioritet gjelda barn som det er fatta vedtak etter lov om barneverntenester.

§ 18 Ledelse (to alternativ, krav til kompetanse og ikkje)

Alternativ A, set ikkje krav til at leiar skal ha kompetanse som førskulelærer. Medan alternativ B set krav til førskulelærerutdanning eller annan treårig pedagogisk utdanning på høgskulenivå med tillegg av eit års vidareutdanning i barnehagepedagogikk. Dette alternativet vidarefører at skulen sin rektor kan vera dagleg leiar for barnehagen, dersom barnehage og skule er organisert som ei mindre eining .

§19 Barnehagens øvrige personale (to alternativ i høve norm for tal barn pr. førskulelærer, og to alternativ til norm for pedagogisk bemanning.)

Alternativ A: bemanning som førskulelærer; dagens norm for pedagogtettleik blir vidareført (ein pedagogisk leiar pr 14-18 barn over 3 år og ein ped.leiar pr 7-9 barn under tre år)

Alternativ B: bemanning som førskulelærer-ein førskulelærer pr 10-14 barn som er til stades samtidig.

Alternativ C: bemanning som førskulelærer-oppheving av norm for pedagogtettleik.

Alternativ D: Tilstrekkeleg bemanning som tilfredsstillir pedagogisk virksomheit; dvs. oppheving av norm for pedagogtettleik.

4.3 Saksbehandling.

Høyringsnotatet blei med brev av 22.11.04 sendt samarbeidsutvala i kommunale barnehagane til fråsegn (og med kopi til private), og med intern frist 03.01.05. Det kom inn svar frå 13 barnehagar, alle kommunale. (Dvs. ikkje frå nokon private.)

Jfr. vedlegg 3.

5. ADMINISTRASJONEN SI VURDERING:

På ein del felt synest endringsforslaga relativt uproblematiske.

Hovuddiskusjonen går på i kva grad kommunen sitt større ansvar for å løysa oppgåva med barnehagar, bør innebera at statlege minstenormer for areal/tal barn og for førskulelærarar som leiarar og sentral del av personalet skal takast bort.

Fråsegnene frå samarbeidsutvala i barnehagane går alle mot at normene skal takast bort. På den andre sida har Kommunenes sentralforbund støtta framlegga.

Ut frå ei samla vurdering har administrasjonen funne å vilja

- tilrå framlegget i §10 om borttaking av arealkrava
- tilrå at kompetansekravet for styrarar blir endra til ei formulering tilsvarande kravet for rektorar i skulen (men ikkje sløyfa kompetansekravet) (§18)
- frårå svekking av kompetansekrava/tal førskulelærarar elles i bemanninga (§19)

Ein viser elles til vedlegg 1; den administrativt utforma fråsegna.

Pedagogisk tenestekontor, 17.01.05

Frøydis Solbakk/Torstein Gunnarson



VOSS KOMMUNE
Kommunalavdeling for pedagogiske tenester

Vedlegg 1.

Barne- og familiedepartementet
Postboks 8036 Dep.

0030 OSLO

Vår ref	Etat/ avd.	Saksbeh	Ark.	Dykkar ref.	Dato
04/01510 - 000306/05	PED	FS	A10 &00		10.01.2005

NY BARNEHAGELOV

Vi viser til Dykkar høyringsnotat av 09.11.2004., og med svarfrist 10. jan.. Etterfølgjande fråsegn er no ei administrativ fråsegn, då oppsette møtetider i aktuelt politisk organ ikkje gjorde det mogeleg med behandling her. før svarfrist. Ein må derfor ta atterhald om merknader frå Utval for levekår, som skal behandla saka 25. jan..

Fråsegna byggjer m.a. på innkomne fråsegner frå samarbeidsutvala i barnehagane. Alle, dvs. dei ca. 3/4 (av dei kommunale barnehagane, mens ingen fråsegner er komne inn frå dei 8 private) som har uttalt seg, går sterkt mot dei (alternative) formuleringane i §10, 18 og 19 som tar bort statlege "minstekrav" vedk.. areal, kompetanse for leiar og pedagogisk utdanna personale.

Voss kommune meiner prinsippielt at barnehagen er vel så mykje ein pedagogisk institusjon som eit "omsorgstilbod". Jfr. første setning i § 2: "pedagogisk tilrettelagt virksomhet", Stortingsvedtak om rameplan som grunnlag for det pedagogiske arbeidet, føresetnader i "Kultur for læring" for grunnskulen", og på våre erfaringar om kva oppvekst- og læringsmiljøet i barnehagen har å seia både for det einskilde barnet og barnegruppa samla. (Jfr. også Voss kommune sitt namn for kommunalavdeling for skular og barnehagar.)

Det er avgjerande for det pedagogiske oppdraget at barnehagen har tilstrekkeleg mange pedagogisk utdanna/ førskulelærarar i personalet. Dette har kommunen for eksempel tydeleg erfart gjennom arbeidet med "Språk, tekst og kommunikasjon".

For å sikra desse føresetnadene/desse opplegga for barn i barnehagane i Noreg, ser Voss kommune det nødvendig at staten framleis fastset einskilde minimumskrav gjennom reglar i lov og eller forskrift.

Det er viktig for å sikra kvaliteten i opplegget. Og Voss kommune kan ikkje sjå at visse slike reglar i lov og forskrifter vil binda kommunane i uforholdsmessig grad, korkje vedk. generell handlefridom og ut frå prinsippet om kommunalt ansvar og styring.

Voss kommune meiner derfor at regelen om pedagogisk kompetanse i leiarstillinga (§ 18) bør formulerast om lag som i ny lovregel (§9-1) for grunnskulen; "Den som skal tilsetjast som rektor, må ha pedagogisk kompetanse og nødvendige leiareigenskapar", og at det blir sett minimumskrav for førskulelærar/pedagogisk kompetanse i personalet elles (§ 19).

§1 og 2 Barnehagens formål og innhold

Voss kommune ser positivt på den utvida paragraf 2 om innhaldet i barnehagen. (Men den er blitt svært ordrik!)

Men i lys av merknadene frå FNs menneskerettskomisjon til KRL-faget i grunnskulen, og i høve til utviklinga i samfunnet, vil vi be om formuleringa i § 1 om "oppdragelse i samsvar med kristen grunnverdier" blir nærmare vurdert.

§ 3 Barns rett til medvirkning-(ny)

Det er positivt at lovparagrafen er komen med. Dette er i tråd med det som barnehagane allereie i dag legg stor vekt på. .

§ 4 Foreldreråd og samarbeidsutval (språklege endringar/utviding av lova)

Ingen merknader.

§ 6 Godkjenningsplikt(endring i bokstav a)

Forslag til endring innebær ei innskjerping av godkjenningsplikta. Voss kommune har ingen merknader til forslaget.

§ 7 Barnehageeiers ansvar (ny)

Det er positivt at barnehageeigars ansvar er nedfelt i lova.

§ 8 Kommunens ansvar (utviding av lova)

Voss kommune har i og for seg ikkje merknader til lovparagrafen.. (Jfr. etterskrift.

§ 9 Fylkesmannens ansvar(endringar i tilsynskompetansen)

Tilsynskompetansen er føreslått endra slik at fylket fører tilsyn med den einkilde kommunen og kommunen med den einkilde barnehage. . Dette er i og for seg greit – men ressursane! Jfr. etterskrift!)

§ 10 Godkjenning (oppheva kravet om rettleiande norm for leike-og opphaldsareal)

Forslaget inneber at ein vil oppheva kravet om rettleiande norm for leike-og opphaldsareal. Samarbeidsutvala i barnehagane i Voss er som nemnt mot denne blir tatt bort.

Voss kommune finn likevel - under ein viss tvil – å kunna tilrå den føreslåtte nye, meir gnerelle paragrafen.

§ 13 Prioritet ved opptak (utviding av lova)

Ingen merknader. Dette blir allereie praktisert i kommunen.

§ 18 Ledelse (to alternativ, krav til kompetanse og ikkje)

Alternativ A, set ikkje krav til at leiar skal ha kompetanse som førskulelærer, medan alternativ B set krav til førskulelæruddanning eller annan treårig pedagogisk utdanning på høgskulenivå med tillegg av eit års vidareutdanning i barnehagepedagogikk. Dette alternativet vidarefører også at skolens rektor kan vera dagleg leiar for barnehagen dersom barnehage og skule er organisert som ei mindre virksomheit.

Voss kommune meiner som nemnt innleiingsvis at ein her bør ha ei formulering meir på line med tilsvarande paragraf for rektor i grunnskulen.

Ein bør vurdere om ikkje styrar også kan vera leiar for barnehage/grunnskule dersom dette er organisert som ei mindre verksemd.

§19 Barnehagens øvrige personale (to alternativ i høve norm for tal barn pr. førskulelærer, og to alternativ til norm for pedagogisk bemanning.)

Alternativ A: bemanning som førskulelærer-dagens norm for pedagogtetttheit vidareførast (ein pedagogisk leiar pr 14-18 barn over 3 år og ein ped.leiar pr 7-9 barn under tre år)

Alternativ B: bemanning som førskulelærer-ein førskulelærer pr 10-14 barn som er til stades samtidig.

Alternativ C: bemanning som førskulelærer-oppheving av norm for pedagogtetttheit.

Alternativ D: Tilstrekkeleg bemanningsom tilfredsstillir pedagogisk virksamheit-oppheving av norm for pedagogtetttheit.

Voss kommune vil, jfr. generell innleiing, gå inn for at alternativ A vert vidareført i lovparagrafen.

"Etterskrift":

Dei føreslåtte lovendingane, for eksempel § 8 og 9, (m.a. som konsekvens av "barnehageforliket" i Stortinget) forsterkar kommunane sitt ansvar og gir meiroppgåver, f.eks. kravet om full barnehagedekning og forskrift om likeverdig behandling i forhold til offentleg tilskott. Desse meiroppgåvene er ikkje følgt opp med tilsvarande auka midlar. Tvert i mot har den økonomiske situasjonen forverra seg for kommunen.

Med helsing

Einar Hauge (s)
rådmann


Torstein Gunnarson
kommunalsjef

Vedlegg:

Kopi til: